

Haustemelding, veke 35

26. august – 1. september 2024



Kva?	Kor? Felt nr. på kart	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Pipeløk, urter og etande blomar (alt utanom dillen, for den er ikkje stor nok ennå)	78-101	Ta det du vil ha av urtene. Plukk litt forsiktig på dei sortane det er lite av.	Klipp av, ikkje riv opp rota.	
Poteter (Arielle) gule	Bak biltilhengaren i kassar i lagerbygningen (same rom som vasken er)	10 poteter		Det kan hende det ligg nokre poteter igjen ute på marka, eller om du spar litt rundt, særleg der dei røde Nansenpotetene var. Om du har lyst å leita der, så blir det du finn ein ekstra bonus som du kan ta med deg heim.
Poteter (Nansen) røde		15 poteter (ta både små og litt større poteter)	Bruk greip og spa opp ein potetplante om gongen. Spa djupt og grav godt for å passa på at du har fått med deg alle potetene. Du kan berre leggja lauvet igjen på bakken.	
Ruccola	4 (på feltet der kvitløken har stått, nærmast geitegarden)	Ta det du vil ha	Plukk forsiktig av blada og la resten av planten så igjen	
Asiasalat				
Reddik	5	3 reddik om det er nokon igjen	Riv opp reddiken med rota	
Knutekål Superschmelz	12	1 knutekål	Skjer knutekålet av nederst og la rota stå igjen. Det kan vera litt hardt å skjera i sjølve stelken, så	

			skjer gjerne heilt nederst på knutekål. Skjer av lauvet og gje det til geitene eller kast det i den røde tilhengaren.	
Grønnskål - grønt	13	Ta det du treng for denne veka	Knekk av dei nederste blada og la resten av planten stå igjen. NB. Ta ikkje blada i toppen av planten, for då stoppar planten å veksa vidare.	
Grønnskål - rødt	14 (gå gjerne litt opp i rekkene. Der er det lite hausta og plantene er større)			
Stangselleri	26	2 stangselleri	Skjer av stangsellerien nede ved rota og la rota stå igjen.	Det har kome noko sjuksom på blada på stangsellerien, så difor må vi berre byrja å hausta den nå, sjølv om den gjerne skulle stått lenger og vokse seg litt større.
Solsikke Hella	27	2-3 blomar	Klipp av stelken slik at knoppene som ikkje er utsprungne står igjen.	
Gulrot (gul)	33	5	Ta frå enden av rada, både store og små. Riv opp gulrota. Brekk av lauvet og legg det igjen i stykket, men ikkje oppå dei gulrøtene som ikkje er hausta.	
Gulrot (oransje) nytt denne veka	34 (der nettet er tatt av)	15		
Sukkererter (diverse sortar)	59-61 + nederst på 58 (dei lågaste plantene, i denne rekka er det masse gode sukkererter)	15 belgar	Klipp/knip belgen forsiktig av utan å skada resten av planten.	

Buskbønner/brekkbønner	53-54	Plukk det du vil ha om du finn nokon som er klar og som er brukande	Klipp/knip belgen forsiktig av utan å skada resten av planten	Desse plantene er veldig små og ikkje fine, men om du finn noko som er brukande, så berre ta det.
Bondebønner (nytt denne veka)	51	10 belgar (ta dei største belgane, ofte nederst på planten)		
Blomar (løvemunn, cosmos, kornblomst, ringblomst m.m.)	46-50	Plukk ein passe stor bukett, slik at det er blomar nok til dei som kjem etter deg.	Klipp av ein passe lang stolk og la resten av planten stå igjen. For mange av blomane er det berre bra om du klipper blomen, for då vil det koma fleire nye blomar.	
Diverse salatar	41-45	1 salathovud om du finn eit, eller plukk blad av salatar som har vokse opp igjen etter å ha vore hausta.	Skjer av. Ikkje riv opp med rota. NB. Det er nokre salatar som er planta for ikkje så lenge sidan, som ikkje er klar ennå. Ikkje ta dei.	
Rød løk	37	3 løk – mange har gått i stukk, men vi haustar dei også	NB. Ta frå enden av eit bed, både store og små løk. Ikkje plukk berre dei største, for då blir dei minste ståande igjen til dei som kjem sist. Riv opp løken med rota. Rist godt av molda. La lauvet vera på og legg dei til tørk i nokre veker. Det er best å hauste løken når det er tørt om du får det til.	
Gul løk	36	6 løk		
Solsikker (store), både gule og brune	34 (mellom maisen og hekken)	1 blom (om du finn ein)	Klipp av blomen passe langt nede, så vil det koma nye blomar nedover langs stelken.	

Mangold	73	4-5 blad	Klipp/skjer av blada og la resten av planten stå igjen.	
Squash (begge sortar, både dei heilt grønne og dei stripete)	68	1 squash (helst ein stor om du finn ein) Gå også litt nedover i rekkene og ta dei største først	Riv/skjer forsiktig av squashen og la resten av planten stå igjen.	Det er ikkje nok til alle denne veka. Dei som ikkje får denne veka, får seinare.

Veksthusandel (kun for dei som har betalt ekstra for dette)

Kva?	Kor?	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Tomat	102-106	7 tomatar (velg litt ulike sortar, både litt store og litt små tomatar)	Riv forsiktig av tomaten	
Agurk	110	1 agurk eller 1 paprika om du finn ein som er klar til å haustast.	Riv forsiktig av agurken.	
Paprika sweet dreams	108 dei to midterste rekkene i veksttunnellen)		Riv forsiktig av paprikaen	